



**DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT**

Norges forskningsråd
Postboks 564
1327 LYSAKER

Dykkar ref

Vår ref
23/5992-9

Dato
29. januar 2025

Tildelingsbrev fra KDD til Norges forskningsråd for 2025

1. Innleiing

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) gir i dette tildelingsbrevet styringssignal og tildeler midlar til Noregs forskingsråd (Forskingsrådet) for 2025. Vi viser til Prop. 1 S (2024–2025) og Innst. xx S (2024–2025), vedtatt i Stortinget xx. desember 2024 i samsvar med innstillinga. KDD viser også til tildelingsbrev til Forskingsrådet frå Kunnskapsdepartementet (KD) som etatsstyrande departement.

2. Mål, strategiske område og styringsinformasjon for Noregs forskingsråd

Forskingsrådet har fem mål:

- Mål 1: Auka vitskapleg kvalitet
- Mål 2: Auka verdiskaping i næringslivet
- Mål 3: Møte store samfunnsutfordringar
- Mål 4: Eit velfungerande forskningssystem
- Mål 5: God rådgjeving

Vi viser også til KD sitt tildelingsbrev som etatsstyrar for nærare omtale av mål, strategiske område og styringsinformasjon.

2.1 Sektorpolitiske prioriteringar frå KDD

Tildelingane frå KDD til Forskingsrådet skal i særleg grad medverke til måloppnåing under mål 2: Auka verdiskaping i næringslivet, mål 3: Møte store samfunnsutfordringar og mål 4: Eit velfungerande forskningssystem. På KDD sine område heng desse måla tett saman.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kdd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kdd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Avdeling for styring og
organisasjon

Saksbehandlar
Anny Skarstein
22 24 49 12

Tildelinga skal medverke til å utvikle kunnskapsgrunnlaget for eit sterkt og velfungerande demokrati på alle nivå; nasjonalt, regionalt og lokalt, med effektive, tillitsskapande og berekraftige kommunar. I dette inngår forskning på forholdet mellom stat og kommune, statleg styring og kommunesektoren sine økonomiske og juridiske rammevilkår. Tildelinga skal medverke til god planlegging og forvaltning, næringsutvikling, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt. Forskinga skal vere relevant og nyttig for dei som førebur og fattar vedtak og andre brukarar, og for offentleg debatt. Forsking som gjeld samar og nasjonale minoritetar skal vidareførast, det same gjeld valforskningsprogramma.

KDD har i 2024 innhenta to rapportar som kunnskapsgrunnlag for vidare forskning etter DEMOS-programmet: oppdrag til forskingsrådet om å innhente eit kunnskapsgrunnlag om forskning på distriktsutfordringar og regional utvikling som oppfølging av Meld. St. 27 (2022–2023) Eit godt liv i heile Noreg – distriktpolitikk for framtida, og *Kartlegging av behov for forskning innen areal- og samfunnsplanlegging, kart og geodata*, utarbeidd av Agenda Kaupang. Rapporten frå Agenda Kaupang viser m.a. til «...at forskningsspørsmålene må handle om hvordan regionale og statlige myndigheter kan ta en større del av ansvaret for å sikre gode nok løsninger på tvers av kommunegrenser». Regjeringa varsla i Distriktsmeldinga behov for ei styrkt satsing på forskning på distriktsutfordringar og regional utvikling. Departementet vil ha dialog med Forskningsrådet om oppfølging av rapportane nemnde over og innhaldet i distriktssatsinga i 2025 og i åra framover.

Stortinget sine vedtak i behandlinga av rapporten om sannings- og forsoningskommisjonen vektlegg kunnskap om og forskning på relevante område, og temaet bør prioriterast i utlysingane for 2025.

2.2 Styringsinformasjon

Når det gjeld omtale av styringsinformasjon for dei fem måla, viser vi til KD sitt tildelingsbrev som etatsstyrar, punkt 2 Mål, strategiske områder og styringsinformasjon.

Styringsinformasjon (dvs. ulike dimensjonar) knytt til sektoransvaret går fram av krav til rapportering for årsrapport 2025 (departementsvise rapporter) jf. Vedlegg 1 i KD sitt tildelingsbrev. Vi viser til punkt 5 Rapportering for 2025 i dette tildelingsbrevet for presisering av dei sektorpolitiske prioriteringane KDD ventar at Forskningsrådet skal rapportere på.

3. Tildeling for 2025

KDD stiller med dette midlane nemnt nedanfor til disposisjon for Forskningsrådet i 2025. Forskningsrådet har fullmakt til å disponere midlane innanfor tilsegnsramma på kvar enkelt post og i tråd med styringssignala som går fram av tildelingsbrevet. Forskningsrådet har ansvar for å prioritere innanfor tildelinga for å nå måla. Departementet tek atterhald om at Stortinget kan vedta budsjettendringar i løpet av 2025. Avvik fra spesifikke føringar i tildelingsbrevet og/eller vesentlege omdisponeringar skal alltid takast opp med departementet som tildeler midlar.

Kap. 500, post 72 Norges forskningsråd	Kroner (mill)
Løyving	82,9
Tilsegnfullmakt	236,5
Tilsegn	46,8

4. Driftsutgifter og særskilde driftsutgifter (kap. 285 post 01 og 21)

Driftsutgiftene over Kunnskapsdepartementets kap. 285 post 01 og post 21 skal dekke alle kostnader til drift av verksemda til Forskningsrådet, dvs. alle kostnader som ikkje er FoU-midlar som skal fordelast vidare. KDD viser til Kunnskapsdepartementets tildelingsbrev som etatsstyrer for nærmare framstilling av kva oppgåver som Forskningsrådet skal ivareta for departementa innanfor ramma av midlane på postane for driftsutgifter.

5. Rapportering og årsrapport

5.1 Årsrapport

KDD ber om rapportering per kapittel og post retta inn mot departementet sine sektorpolitiske prioriteringar, slik dei er utdjupa i punkt 2.1 i dette tildelingsbrevet. KDD er særleg opptekne av at forskinga skal vere relevant og nyttig for dei som førebur og fattar vedtak og andre brukarar, og for offentleg debatt. Rapporteringa på bruk av midlane skal skje i tråd med krav til årsrapport, sjå vedlegg til Kunnskapsdepartementets brev som etatsstyrar.

5.2 Innspel til dei årlege statsbudsjettmøpælane

Forskningsrådet er fra og med 1. januar 2025 bruttobudsjettet med tilsegnfullmakter. Forskningsrådet skal i samband med førebuingar til dei årlege statsbudsjettmøpælane utarbeide anslag for tilsegnsramme, tilsegnfullmakt og løyving, samt synleggjere oversikt over samla fleirårige forpliktingar per tilskotspost. Vi viser til pkt. 5.3. i Kunnskapsdepartementets tildelingsbrev som etatsstyrar for 2025 om innspel til dei årlege statsbudsjetta, inkludert leveransar av innspel og tilhøyrande fristar.

6. Styringsdialog

KDD legg opp til eitt styringsmøte vår og eitt haust. Det vil i tillegg vere behov for fagdialog på enkeltområde som ny lokalvalsundersøking frå 2026, vidare forsking på distriktsutfordringar og regional utvikling, samt samfunnsplanlegging i forsking. I tillegg vil det vere behov for kontakt knytt til innspel til statsbudsjettmøpælane.

Tildelingsbrev fra KDD til Norges forskningsråd for 2025

3. Innleiing

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) gir i dette tildelingsbrevet styringssignal og tildeler midlar til Noregs forskingsråd (Forskningsrådet) for 2025. Vi viser til Prop. 1 S (2024–2025) og Innst. xx S (2024–2025), vedtatt i Stortinget xx. desember 2024 i samsvar med innstillinga. KDD viser også til tildelingsbrev til Forskningsrådet frå Kunnskapsdepartementet (KD) som etatsstyrande departement.

4. Mål, strategiske område og styringsinformasjon for Noregs forskingsråd

Forskringsrådet har fem mål:

- Mål 1: Auka vitskapleg kvalitet
- Mål 2: Auka verdiskaping i næringslivet
- Mål 3: Møte store samfunnsutfordringar
- Mål 4: Eit velfungerande forskingssystem
- Mål 5: God rådgjeving

Vi viser også til KD sitt tildelingsbrev som etatsstyrar for nærare omtale av mål, strategiske område og styringsinformasjon.

4.1 Sektorpolitiske prioriteringar frå KDD

Tildelingane frå KDD til Forskringsrådet skal i særleg grad medverke til måloppnåing under mål 2: Auka verdiskaping i næringslivet, mål 3: Møte store samfunnsutfordringar og mål 4: Eit velfungerande forskingssystem. På KDD sine område heng desse måla tett saman.

Tildelinga skal medverke til å utvikle kunnskapsgrunnlaget for eit sterkt og velfungerande demokrati på alle nivå; nasjonalt, regionalt og lokalt, med effektive, tillitsskapande og berekraftige kommunar. I dette inngår forsking på forholdet mellom stat og kommune, statleg styring og kommunesektoren sine økonomiske og juridiske rammevilkår. Tildelinga skal medverke til god planlegging og forvaltning, næringsutvikling, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt. Forskinga skal vere relevant og nyttig for dei som førebur og fattar vedtak og andre brukarar, og for offentleg debatt. Forsking som gjeld samar og nasjonale minoritetar skal vidareførast, det same gjeld valforskringsprogramma.

KDD har i 2024 innhenta to rapportar som kunnskapsgrunnlag for vidare forsking etter DEMOS-programmet: oppdrag til forskingsrådet om å innhente eit kunnskapsgrunnlag om forsking på distriktsutfordringar og regional utvikling som oppfølging av Meld. St. 27 (2022–2023) Eit godt liv i heile Noreg – distriktspolitikk for framtida, og *Kartlegging av behov for forsking innen areal- og samfunnsplanlegging, kart og geodata*, utarbeidd av Agenda Kaupang. Rapporten frå Agenda Kaupang viser m.a. til «...at forskningsspørsmålene må handle om hvordan regionale og statlige myndigheter kan ta en større del av ansvaret for å sikre gode nok løsninger på tvers av kommunegrenser». Regjeringa varsla i Distriktsmeldinga behov for ei styrkt satsing på forsking på distriktsutfordringar og regional utvikling. Departementet vil ha dialog med Forskringsrådet om oppfølging av rapportane nemnde over og innhaldet i distriktssatsinga i 2025 og i åra framover.

Stortinget sine vedtak i behandlinga av rapporten om sannings- og forsoningskommisjonen vektlegg kunnskap om og forsking på relevante område, og temaet bør prioriterast i utlysingane for 2025.

2.2 Styringsinformasjon

Når det gjeld omtale av styringsinformasjon for dei fem måla, viser vi til KD sitt tildelingsbrev som etatsstyrar, punkt 2 Mål, strategiske områder og styringsinformasjon.

Styringsinformasjon (dvs. ulike dimensjonar) knytt til sektoransvaret går fram av krav til rapportering for årsrapport 2025 (departementsvise rapporter) jf. Vedlegg 1 i KD sitt tildelingsbrev. Vi viser til punkt 5 Rapportering for 2025 i dette tildelingsbrevet for presisering av dei sektorpolitiske prioriteringane KDD ventar at Forskningsrådet skal rapportere på.

3. Tildeling for 2025

KDD stiller med dette midlane nemnt nedanfor til disposisjon for Forskningsrådet i 2025.

Forskningsrådet har fullmakt til å disponere midlane innanfor tilsegnsramma på kvar enkelt post og i tråd med styringssignala som går fram av tildelingsbrevet. Forskningsrådet har ansvar for å prioritere innanfor tildelinga for å nå måla. Departementet tek atterhald om at Stortinget kan vedta budsjettendringar i løpet av 2025. Avvik fra spesifikke føringar i tildelingsbrevet og/eller vesentlege omdisponeringar skal alltid takast opp med departementet som tildeler midlar.

Kap. 500, post 72 Norges forskningsråd	Kroner (mill)
Løyving	82,9
Tilsegnfullmakt	236,5
Tilsegn	46,8

4. Driftsutgifter og særskilde driftsutgifter (kap. 285 post 01 og 21)

Driftsutgiftene over Kunnskapsdepartementets kap. 285 post 01 og post 21 skal dekke alle kostnader til drift av verksemda til Forskningsrådet, dvs. alle kostnader som ikkje er FoU-midlar som skal fordelast vidare. KDD viser til Kunnskapsdepartementets tildelingsbrev som etatsstyrer for nærmare framstilling av kva oppgåver som Forskningsrådet skal ivareta for departementa innanfor ramma av midlane på postane for driftsutgifter.

5. Rapportering og årsrapport

5.1 Årsrapport

KDD ber om rapportering per kapittel og post retta inn mot departementet sine sektorpolitiske prioriteringar, slik dei er utdjupa i punkt 2.1 i dette tildelingsbrevet. KDD er særleg opptekne av at forskinga skal vere relevant og nyttig for dei som førebur og fattar vedtak og andre brukarar, og for offentlig debatt. Rapporteringa på bruk av midlane skal skje i tråd med krav til årsrapport, sjå vedlegg til Kunnskapsdepartementets brev som etatsstyrar.

5.2 Innspel til dei årlege statsbudsjettmilepælane

Forskningsrådet er fra og med 1. januar 2025 bruttobudsjettet med tilsegnfullmakter. Forskningsrådet skal i samband med førebuingar til dei årlege statsbudsjettmilepælane utarbeide anslag for tilsegnsramme, tilsegnfullmakt og løyving, samt synleggjere oversikt over samla fleirårige forpliktingar per tilskotspost. Vi viser til pkt. 5.3. i Kunnskapsdepartementets tildelingsbrev som etatsstyrar for 2025 om innspel til dei årlege statsbudsjetta, inkludert leveransar av innspel og tilhøyrande fristar.

6. Styringsdialog

KDD legg opp til eitt styringsmøte vår og eitt haust. Det vil i tillegg vere behov for fagdialog på enkeltområde som ny lokalvalsundersøking frå 2026, vidare forsking på distriktsutfordringar og regional utvikling, samt samfunnsplanlegging i forsking. I tillegg vil det vere behov for kontakt knytt til innspel til statsbudsjettmilepælane.

Med helsing

Finn Jensen (e.f.)
avdelingsdirektør

Anny Skarstein
utgreiingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Kunnskapsdepartementet
Riksrevisjonen